




Samnanger kommune

- der du vil leve og bu -

Rammeplan for Samnanger kulturskule



Vedteken av kommunestyret 15.12.2016 i sak 102/2016



1. Samfunnsmandat - Kulturskulen sitt formål, verdigrunnlag og oppgåver

1.1 Kulturskulen sitt oppdrag

Kulturskuletilbodet er heimla i Opplæringslova § 13-6. Det heiter at:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skoleverket og kulturlivet elles»

Samnanger kulturskule har som oppgåve å utvikla kunstnarisk kompetanse og uttrykksevne i tillegg til kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse. Dette er grunnleggjande for livsmeistring og danning. Gjennom arbeid med kunst utviklar me fantasi og sanselege sider, og som deltakarar i kulturelle fellesskap utviklar me tryggleik og forståing for kva det vil seja å vera menneske, åleine og saman med andre. Kunst- og kulturuttrykk rører ved sider i tilværet vårt som glede, lengsel, draumar, melankoli og einsemd, og er fundamentale i danningsprosessen.

1.2 Kulturskulen sitt formål

Samnanger kulturskule skal gje opplæring til alle born og unge som ønskjer det. Formålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Opplæringa skal bidra til barn og unge si danning, fremje respekt for andre si kulturelle tilhørsle, bevisstgjera eigen identitet, gjera dei kritisk reflekterande og i stand til å utvikla eigen livskompetanse. Kulturskulen bør speglia mangfaldet gjennom eit breitt samansett tilbod i opplæringa, både når det gjeld undervisning, formidling og skapande verksemd.

1.3 Kulturskulen sitt verdigrunnlag

Samnanger kulturskule byggjer på eit humanistisk menneskesyn og på samfunnsverdiar som fellesskap, ytringsfridom, menneskeverd og demokrati. Det norske fellesskapet rommar eit veksande mangfold av kulturelle uttrykk. Ved å anerkjenne og synleggjere mangfaldet kan kulturskulen bidra til å vidareføra og fornya kulturarven vår.

1.4 Kulturskulen sine mål

- Samnanger kulturskule skal gje alle elevar moglegheit til å utvikla sine musikalske og kunstnariske evner og anlegg
- gje alle elevar moglegheit til å finna og formidla eigne kunst- og kulturuttrykk
- styrka elevane sin estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse
- styrka elevane si evne til kritisk refleksjon og sjølvstendige val medverka til å styrka kulturell kompetanse og utfaldning
- gje fordjupingsmogleheter
- som lokalt ressurssenter bidra til eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod i samarbeid med barnehagane, skuleverket, kulturkontoret og helsesektoren
- hjelpa til å gje bygda eit positivt ungdomsmiljø, ved å skapa grobotn for verdfull og varige aktivitetar innan ulike kulturelle uttrykk
- arbeida for eit rikt kulturliv i Samnanger; i samarbeid med kulturlivet i kommunen, ta vare på gamle lokale musikk- og kulturtradisjonar og utvikla nye



1.5 Kulturskulen si rolle som lokalt ressurscenter

Som lokalt ressurscenter skal Samnanger kulturskule bidra til å styrke kulturell kompetanse og utfaldning i kommunen gjennom forpliktande samarbeid med barnehage- skule-, kultur- og helsesektoren. Dette samarbeidet rettar seg mot alle innbyggjarane i kommunen.

Samnanger kulturskule sitt samarbeid med skulen skal vera eit forpliktande samarbeid og eit supplement til den obligatoriske opplæringa. DKS inngår i grunnskulen sitt tilbod til alle elevar. Gjennom konserter, framsyningar og utstillingar møter elevane profesjonelle kunstnarar fleire gongar kvart skuleår, og kulturskulelærarar kan vera aktive utøvarar innanfor DKS-tilboda.

Kulturskulen sine lærarar og elevar kan også samarbeida med grunnskule og DKS om lokale produksjonar. Det kan til dømes vera samarbeid om store framsyningar som speglar kulturelt mangfald, integrering av kunst- og kulturperspektivet i fag, utstyr og lokale. Utvikling av metodar og læringsmiljø, pedagogisk rettleiing og kulturskulen som utstillings- og konserertilbydar.

I kulturskulen si rolle som lokalt ressurscenter inngår også samarbeid med helsesektoren, m.a. med barnevern, sosialteneste, flyktingteneste, helsesøster og eldreomsorg.

Kunst- og kulturmiljø i Samnanger kommune er viktige samarbeidspartnarar for kulturskulen. Samarbeidet mellom kulturskulen og kulturlivet kan til dømes omfatta bruk av kulturskulen sine lærarar som dirigentar, akkompagnatørar, produsentar, instruktørar og regissørar. Felles bruk av utstyr er også døme på korleis det frivillige kulturlivet og kulturskulen kan bidra til at ressursar blir utnytta på best mogleg måte.

Ein annan viktig aktør er Ung kultur møtes (UKM), som gjennom lokalt kulturarbeid legg vekt på ungdommane sine eigne kulturuttrykk. Mönstringane er ein arena for formidling, læring og oppleving. UKM tar også vare på dei ungdommane som deltek på ikkje-institusjonaliserte kunst- og kulturarenaer. Kulturskulen og UKM bør samarbeida om førebuingane til og gjennomføringa av den lokale mönstringa.

Kulturskulen utgjer ei viktig førebuing til dei studieførebuande utdanningsprogramma Musikk, dans og drama samt studiespesialisering med formgjevingsfag i vidaregåande skule.

1.6 Kulturskulen sine fag

På nasjonalt nivå er kulturskulen sine fag primært musikk, dans, teater, visuell kunst og skapande skriving. I Samnanger har me tilbod i musikk og teater. Me ønskjer å få til eit tilbod innan visuell kunst; foto/ film/ animasjon

Kvar kulturskule skal utvikla lokale læreplanar i sine tilbod- Rammeplan DEL 3 .Fagplanane tek vare på måla for kulturskulen på faga sine premissar. Læringsmål, innhald, varierte arbeidsformer, fleksibel organisering av tilboda og ulike vurderingsformer skal inngå i dei enkelte fagplanane. Alle elevar i kulturskulen skal få undervisning som er tilpassa deira interesse og føresetnader. Kulturskulen skal vektleggja mangfold i undervisningstilboda.



1.7 Organisering av opplæringa

Undervisninga går føre seg både individuelt og i små og store grupper. Det er også viktig med aldersblanding der det er mogleg. Dette er noko som styrkar læringsmiljøet i kulturskulen.

Undervisninga i kulturskulen sine fag er organisert innanfor tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetjing: Grunnprogrammet, Kjerneprogrammet og Fordjupingsprogrammet.

Programma skal ta vare på behovet for tilpassa opplæring og er gradert i forhold til undervisningsmengde og krav til eigeninnsats. Konserter, framsyningar og utstillingar skal inngå i opplæringa for alle elevar som ein integrert del av undervisninga. Alle elevar skal få tilbakemeldingar på eiga utvikling og eigne resultat gjennom utviklingssamtalar.

Opplæring i kulturskulen kan gje grunnlag for å kunna kvalifisere seg til studieprogram for Musikk, dans og drama samt studiespesialisering med formgjevingsfag, til høgare utdanningsinstitusjonar sitt talentprogram og til høgare kunstfagleg utdanning.

1.7.1 Grunnprogrammet

Programmet har ope opptak for alle elevar som ønskjer det. Undervisninga skal bidra til å utvikla kreative evner, fagleg kompetanse og samarbeidsevne som grunnlag for personleg utfalding.

Grunnprogrammet omfattar fagtilbod som er særskilt eigna for gruppe- og ensembleundervisning. Her er hovudmålet trivsel, utøvarglede og læring gjennom aktiviteten med avgrensa læringsmål. Det kan til dømes vere grupper innan musikk, dans, teater, visuell kunst, leik- og rytmikkbasert begynnaropplæring, tilbod for elevar med spesielle behov og grupper som kombinerer ulike fag. Undervisinga kan bli gitt i form av introduksjonskurs eller begynnaropplæring.

1.7.2 Kjerneprogrammet

Programmet har ope opptak for elevar som er motiverte for større undervisningsmengde og systematisk eigeninnsats. Det er klare læringsmål og forventning til prosesjon.

Undervisninga er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg både individuelt min 22,5 min, i grupper og i ensemble. Samnanger skulemusikkklag har ansvar for å gje alle elevar på korpsinstrument gruppe og ensembleundervisning.

Innhaldet i undervisninga skal bidra til å utvikla kreative evner, handverks- og kunstnarisk kompetanse og samarbeidsevne.

Undervisinga blir gitt som begynnaropplæring eller som opplæring for vidarekomne. Programmet skal kunna kvalifisera for vidaregåande utdanning og er basert på langsiktig prosesjon og systematisk trening.

1.7.3 Fordjupingsprogrammet

Fordjupingsprogrammet har opptaksprøvar og undervisninga legg vekt på utviklinga av kreative evner, handverks- og kunstnarisk kompetanse, sjølvstende og samarbeidsevne. Det blir stilt krav til høg og målretta eigeninnsats



Undervisning og rettleiing er tilpassa den enkelte eleven og går føre seg både individuelt min 45 min, i grupper og i ensemble. Fordjupingsprogrammet er for elevar som har særleg interesse og føresetnader for å arbeida med faget. Undervisningstilbodet skal vera vesentleg forsterka med omsyn til innhald og omfang i høve til kjerneprogrammet. Desse elevane har krav på dobbel undervisningstid i tillegg til fellesaktivitetar med andre elevar på same fordjupingsprogram.

I fordjupingsprogrammet vil Samnanger kulturskule delta i interkommunalt og regionalt samarbeid, vidaregåande skular samt med høgare utdanningsinstitusjonar og talentutviklingsprogrammet deira.

Programmet skal kunna kvalifisera for vidaregåande opplæring og høgare utdanning.

2. Kulturskulen sitt innhald – Prinsipp og retningsliner for kulturskuleverksemda

Det er Samnanger kommune som er skuleeigar, og som har ansvar for at kulturskulen sitt tilbod følgjer nasjonale føringer. Kulturskulen skal inngå i kommunen sine plandokument, og bør vera ein del av kommunen sine strategidokument innan kultur, utdanning og helse.

Det ikkje ein nasjonal rammeplan som på til dømes barnehagefeltet. Rammeplanen for Samnanger kulturskule bygg på ein mal lagd av Norsk kulturskoleråd. Sjølv om det er den enkelte kulturskule som avgjer kva fagtilbodet skal vera, skal rammeplanen skal bidra til å sikra ei felles nasjonal norm for mål, innhald og kvalitet.

Det er eit viktig prinsipp at kulturskulen skal vera open for alle. Samnanger kommune skal gje søskenmoderasjon på 30 % av elevkontingenenten frå barn nummer to. Ei årleg auke av kontingenenten skal ikkje overstiga den generelle prisauka.

1.8 Kulturskulerektor

Kulturskulerekturen er administrativ og fagleg leiar for den dagelege drifta av kulturskulen. I tillegg har kulturskulerekturen ansvar for utviklingsarbeidet. Det kan til dømes vera å prøva ut ulike måtar å organisera undervisninga på, bruk av digitale verktøy, produksjon av undervisningsmateriell, samt fleirkulturelle og tverrfaglege prosjekt.

I ein så liten kulturskule som i Samnanger vil rektor også måtta undervisa elevar.

1.9 Kulturskulelæraren

Læraren sitt møte med eleven, og eleven sitt møte med dei kunstnariske aktivitetane er det sentrale i kulturskulen. Kulturskulelæraren må ha eit bevisst forhold til dei mange rollene han har: pedagog, utøvar, leiar av små og store grupper, organisator, prosjektleiar, koordinator, inspirator, kulturberar, vurderar og kollega.

Lærarane si rolle som aktive utøvarar skapar gode førebilete for elevane.

K 06: «Lærarane avgjer ved sin veremåte om elevane si interesse skal bestå, om elevane kjenner seg flinke og om deira iver skal vare ved.»



1.10 Samarbeid

1.10.1 Samarbeid med foreldre/føresette

Samarbeid med foreldre/føresette er ein føresetnad for om eleven skal lukkast. Kontinuerleg kontakt mellom kulturskulen og heimen om utviklinga, trivsel, frammøtet og øvingsinnsatsen til eleven, er avgjerande for utviklinga og framgangen til eleven. Elevar og foreldre skal gjerast kjende med kva slags forventningar kulturskulen har til eleven sin innsats i dei ulike programma.

Samnanger kulturskule nyttar vurdering for lærings. Det inneber rettleiing og tilbakemeldingar til elev og foreldre der hensikta er å skape best moglege føresetnader for utviklinga til eleven.

I løpet av skuleåret bør det gjennomførast ein til to utviklingssamtalar der lærar og elev/foreldre møtest og der eleven sin læringsprosess og læringsresultat, trivsel og innsats er tema for dialog og vurdering.

1.10.2 Samarbeid med grunnskulen

Samarbeid mellom grunnskule og kulturskule blir veklagt i Læreplan for grunnskulen. Skuleslaga kan samarbeida om innhald i faga, undervisning og felles prosjekt. Her i Samnanger har kulturskulen hatt svært tett lærarsamarbeid med særleg barneskulen gjennom mange år.

I strategiplanen for oppvekst og kultur 2016-2019 er eit av tiltaka for å nå dei måla me har satt samarbeid innan for sektoren.

1.10.3 Kompetansekrav for tilsetting i kulturskulen

1. For tilsetjing i ei undervisningsstilling skal ein normalt krevja: høgare kunstfagleg utdanning i utøvande og/eller skapande kunstfag, tilpassa undervisningsoppgåvene for stillinga. Som minimum krev tre år kunstfagleg utdanning i tillegg til praktisk pedagogisk utdanning som gjeld for alle.

Alternativt:

Faglærarutdanning med minimum 120 studiepoeng frå kunstfag
Skuleeigar kan i særlege tilfelle tilsetja søkjrarar som ikkje tilfredsstiller desse krava dersom tilsvarande realkompetanse kan dokumenterast.

2. For tilsetjing i rektorstilling i kulturskulen skal ein krevje same faglege kvalifikasjonar som ved tilsetjing i undervisningsstilling. Rektor skal ha minst tre års erfaring frå kulturskule og relevant leiarutdanning og/eller relevant leiarerfaring.

Skuleeigar kan i særlege tilfelle tilsetja søkerarar som ikkje tilfredsstiller desse krava dersom tilsvarande realkompetanse kan dokumenterast.

1.10.4 Kvalitet i kulturskulen

Kvaliteten på undervisninga bør vere gjenstand for kontinuerleg debatt i kulturskulen. Skuleeigar har ansvar for at det finst eit kvalitetssikringssystem for verksemda, og rektor har ansvaret for å gjennomføra eit systematisk kvalitetssikringsarbeid. Arbeidet har som mål å bidra til utvikling av kulturskulen på alle målområda i rammeplanen.



Viktige element i kvalitetsarbeidet er:

- Undervisnings- og læringskvalitet: undervisning og læringsmiljø, elevane sin innsats og aktivitet, lærarkompetanse og kollegasamarbeid, pedagogisk utviklingsarbeid
- Kvalitet i rammefaktorar: rutinar for elevopptak, mengde undervisningstid og organisering, utstyr/lokalar og ressursbruk
- Verksemdskvalitet: samarbeid kulturskule/heim, aktivitetsnivå, kompetanseutvikling, arbeidsmiljø, samarbeid med andre

Rammeplan for Samnanger kulturskule skal vera eit godt verktøy for å vidareutvikla kvaliteten. Norsk Kulturskoleråd har per januar 2016 utarbeidd framlegg til fagplanar i fem fag: musikk, dans, teater, visuell kunst og skapande skriving. Kvar kulturskule kan laga sine eigne lokale fagplanar.

Digitale verktøy kan stimulera til kunst- og kulturprosjekt. Læring gjennom digitale medium bør også inngå i kulturskulane si undervisning.